

Kommunal forskrift for Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Ullensvang herad, Ulvik herad og Voss kommune om

## **BETALINGSREGULATIV FOR GEBYR ETTER FORUREININGSLOVA § 34.**

Vedtatt av	Eidfjord kommunestyre	xx.xx.11, sak xxx/11
	Granvin heradsstyre	xx.xx.11, sak xxx/11
	Jondal kommunestyre	xx.xx.11, sak xxx/11
	Ullensvang heradsstyre	xx.xx.11, sak xxx/11
	Ulvik heradsstyre	xx.xx.11, sak xxx/11
	Voss kommunestyre	xx.xx.11, sak xxx/11

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.01.2012

\*\*\*\*\*

### **1. GENERELT OM HANDSAMING AV GEBYRSAKER**

- 1.1 IHM handsamar alle gebyrsaker i samsvar med desse forskriftene.
- 1.2 IHM gjer vedtak om gebyr i saker som ikkje direkte fylgjer av desse forskriftene.
- 1.3 IHM kan i særskilde høve fråvike dette reglementet og gjera særavtalar med einsskilde abonnentar.

### **2. SØKNADSGRUNNLAG, VEDTAK**

- 2.1 For søknad om endring av kommunale gebyr, skal det nyttast særskilt søknadsskjema frå IHM. Søknaden vert handsama på grunnlag av dei opplysningar som er gjeve i søknadsskjemaet. IHM kan likevel henta inn supplerande opplysningar og eventuelt føreta synfaring.
- 2.2 Endring av gebyr som berre omfattar endring av leveringsfrekvens eller behaldarstorleik, dvs. overgang mellom gebyrklassane små-, normal- eller storhushald, kan meldast med ei forenkla skriftleg eller muntleg melding.
- 2.3 Vedtak om endring av gebyr vert gjort gjeldande frå fyrste heile månad etter at IHM har motteke fullstendig søknad/melding om endring (evt. poststempeldato).
- 2.4 Dersom bruken av eigedommen endrar seg, pliktar eigaren straks å varsle IHM skriftleg. Gebyrgrunnlaget vil då verta vurdert.

Vedtak om fritak for renovasjon og tilsvarende gebyr gjeld i inntil 2 år. Minst to månader før vedtaket går ut, kan det søkjast om forlenging av fritaket med inntil to nye år. Dersom IHM ikkje har fått søknad om forlenging innan fastsett tidsfrist, vert gebyret automatisk justert til normalt gebyr.

### **3. EIGEDOMAR SOM IKKJE ER I BRUK ELLER HAR REDUSERT BRUK**

- 3.1 Bygg som står tomme i minst eitt år kan, etter søknad, få fritak for renovasjon og tilsvarande gebyr. Fritaket vert gjeve i samsvar med pkt. 2.3 og pkt. 2.4
- 3.2 For å få renovasjonsordning som gjeld for fritidsbustad, må bygget vera byggemeldt som fritidsbustad eller fått godkjend bruksendring til fritidsbustad. Vidare må bygget ha sterkt redusert bruk i høve til bustadhus.

### **4. GRUNNLAGET FOR UTREKNING AV GEBYRET. SÆRSKILDE REGLAR**

#### **4.1 Renovasjonsgebyr:**

- 4.1.1 For bustadhus som ligg over 500 meter frå hentestad kan ein etter søknad få nedsett renovasjonsgebyr til inntil halvparten av gebyret for normalhushald.

### **5. RENOVASJONGEBYR**

I tillegg til gebyrsatsane kjem p.t. 25% meirverdiavgift.

For Jondal kommune gjeld: Irekna i gebyra under pkt. 5.1, 5.2 og 5.3 er kr. 50,- pr. abonnent som gjeld kommunen sin del.

#### **5.1 Renovasjonsgebyr for bustadhus der abonnenten ikkje handsamar alt sitt våtorganiske avfall:**

- 5.1.1 Småhushald med inntil tre 140 ltr. behaldarar.  
Levering av våtorganisk avfall kvar 14.dag, restavfall og papir ein gong kvar måned.  
Pr. husstand pr.år kr. 2 060
- 5.1.2 Normalhushald med inntil tre 140 ltr. behaldarar.  
Levering av våtorganisk avfall og restavfall kvar 14.dag og papir ein gong kvar måned.  
Pr. husstand pr.år kr. 2 943
- 5.1.3 Storhushald med inntil tre 240 ltr. behaldarar.  
Levering av våtorganisk avfall og restavfall kvar 14.dag og papir ein gong kvar måned.  
Pr. husstand pr.år kr. 3 973

## **5.2 Renovasjonsgebyr for bustadhus der abonnenten sjølv handsamar sitt våtorganiske avfall:**

Det er ein føresetnad for gebyra pkt. 5.2.1 - 5.2.3 at det er inngått skriftleg avtale mellom abonnent og IHM.

### 5.2.1-3 Gjeld for heimekompostering.

5.2.1	Småhushald med inntil to 140 ltr. behaldarar. Levering av restavfall og papir ein gong kvar måned. Pr. husstand pr.år	kr. 1 472
5.2.2	Normalhushald med inntil to 140 ltr. behaldarar. Levering av restavfall kvar 14.dag og papir ein gong kvar måned. Pr. husstand pr.år	kr. 2 060
5.2.3	Storhushald med inntil to 240 ltr. behaldarar. Levering av restavfall kvar 14.dag og papir ein gong kvar måned. Pr. husstand pr.år	kr. 2 943

## **5.3 Renovasjonsgebyr for fritidsbustad:**

Fritidsbustad har gebyr som er differensiert etter følgjande kriteria:  
Storleik, innlagt straum og veg fram til fritidsbustaden, jfr Avfallsplan 2006-2009 vedlegg 4.

5.3.1	Fritidsbustad i gebyrklasse låg. Pr. fritidsbustad pr år.	kr. 736
5.3.2	Fritidsbustad i gebyrklasse middels. Pr. fritidsbustad pr. år	kr. 1 324
5.3.3	Fritidsbustad i gebyrklasse høg. Pr. fritidsbustad pr. år	kr. 2 060

Fritidsbustad < 20m<sup>2</sup> får alltid gebyrklasse låg . Det same gjeld for campinghytter og campingvogner.

Gebyr for fritidsbustader med utleige eller som er > 120m<sup>2</sup> skal ha renovasjonsgebyr som for bustadhus, og skal minst vurderast i klasse med normalhushald, jfr. 5.1.2.

## **5.4 Tilskot til heimekompostering:**

I tillegg til gebyrreduksjonen gjev IHM eit eingongstilskot til kjøp av kompostbinge.

Tilskot til kompostbinge kr. 1000

5.4.1	Abonnentar som nyttar våtorganisk avfall til dyrefor. I samsvar med avtale. Det vert nytta same gebyr som for heimekompostering pkt. 5.2.1 - 3. Det vert ikkje gjeve eingongstilskot.	
-------	---	--

## **5.5 Gebyr for levering av avfall til IHM sin avfalls plass:**

Gebyr for levering av avfall til IHM sin avfalls plass vert fastsett av IHM.

## **6. BETALINGSREGLAR. JUSTERING M.V.**

### **6.1 Prisane i regulativet er pr 1.1.2012.**

Gebyret skal årleg vedtakast av kommunen. Styret for IHM gjev tilråding til kommunane om endring av gebyret.

### **6.2 Renovasjonsgebyr skal betalast frå og med fyrste heile månad etter at abonnementet er teke i bruk.**

Ved nybygg skal renovasjonsgebyr betalast frå og med fyrste heile månad etter at innflytting skjer eller frå bruksløyve / mellombels bruksløyve / ferdigattest kan gjevast.

### **6.3 Gebyret skal betalast i to terminar årleg med forfall 1.april og 1.oktober. Gebyret vert fordelt likt på dei to terminane.**

### **6.4 Gebyret vert rekna fullt ut sjølv om huset periodevis står tomt.**

### **6.5 Alle gebyr skal betalast til kommune-/heradskasseraren etter rekning. Dersom kommunen/heradet har vedtatt at IHM skal krevje inn gebyret på vegne av kommunen/heradet, skal gebyret betalast til IHM.**